



*Øystre Slidre
kommune*



- ein pluskommune -

LANDBRUKSPLAN

2009 - 2012



**Vedtatt av Øystre Slidre kommunestyre
18.12.2008**

Forord

Kommunen inviterte til ope møte om framtida for landbruket i Ø. Slidre 21.03.2007. På dette møtet kom det fram klare ønskje fra næringa om at det vart utarbeida landbruksplan for kommunen.

Etter temamøtet om landbruk i kommunestyret 31.05.07 fekk nemnda for kultur utvikling og næring (KUN) i oppdrag å lage eit opplegg for kommunen si stasing på landbruket med m.a. mål og tema for ei plan, organisering av planarbeidet og ressursbruk. Det vart etablert eit prosjektgruppe med tre medlemmer frå KUN-nemnda, representantar for faglaga og fjellstyret. Utarbeida prosjektskriv vart vedteke av KUN-nemnda 12.09.07 og av kommunestyret 18.10.2007.

Oppstartmøte for landbruksplan og energi- og klimaplan varte halde 06.03.08. Formål med oppstartmøtet var å få bakgrunnsinformasjon for ein del av dei tema som var prioritert, samt etablera kontakt mellom dei lokale og regionale aktørane som blir involvert i planarbeidet.

I innleiingsfasen av planarbeidet vart det halde tre grendemøte (Rogne, Tingvang og Skammestein), og totalt ca. 45 personar tok del. Det vart m.a. gjennomført idédugnad (SWOT-analyse), og det kom mange innspel til planarbeidet.

For å få innspel frå endå fleire, og eit meir einskapleg grunnlag å arbeida vidare ut i frå, vart det innleiingsvis i planarbeidet utarbeida spørjeskjema som vart sendt til alle som mottok produksjonstilskott i 1998. Av 240 utsendte skjema er det returnert 113, dvs. ein svarprosent på 47. Ein del av materialet er utgreidd og blir presentert i planen, mens ein meir fullstendig presentasjon av resultata blir utarbeida seinare.

Det vart oppretta arbeidsgruppe med representantar frå fjellstyret og kommuneadministrasjon. Gruppa har hatt to møter og har drøfta spørsmål rundt samordning av tilskotsorningar til stølsområda samt felles mål for næringsutvikling og ivaretaking av kulturmiljø på statsgrunn.

KUN-nemnda har vore styringsgruppe for planen, og det vart etablert lokal referansegruppe med representantar for faglaga og fjellstyret. Fagavdeling for næring og miljø har hatt sekretariatsfunksjon og har utarbeida planutkast.

Planutkastet har vore til høyring, og følgande har kome med innspel og merknader:

- Fylkesmannen i Oppland
- Øystre Slidre Fjellstyre
- Øystre Slidre Bondelag
- Øystre Slidre Bonde og småbrukarlag
- Øystre Slidre Produsentlag (TINE)
- Øystre Slidre sau-og geit
- Valdres Forsøksring
- Øystre Slidre skogeigarlag
- Valdres Natur og kulturpark
- Oxhod, Strand, Waal, Oldre og Sandberg-fellesuttale

Øystre Slidre kommunestyre hadde planen oppe til godkjenning på kommunetyremøtet 18/12-08. Av 55 føreslegne tiltak, prioriterte ein 36. (**Prioriterte tiltak er dei som er understreka i tabellane side 31-36**)

Alle foto i plan og vedlegg eiast av Ø. Slidre kommune.

Innhold

LANDBRUKSPLAN FOR ØYSTRE SLIDRE 2009 – 2012 ...FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.

FORORD	1
INNHOLD.....	3
INNLEIING.....	4
1 PLANSTATUS OG PLANFORANKRING	5
2 SENTRALE OG REGIONALE RAMMER.....	5
3 LANDBRUKET I ØYSTRE SLIDRE	6
3.1 Status og utviklingstrekk	6
3.1.1 Arealgrunnlag - jord, skog og fjell/utmark	6
3.1.2 Jordbruksproduksjon	6
3.1.3 Dyretal	7
3.2 Sterke og svake sider ved landbruket i Øystre Slidre	8
3.2.1 Skogbruk	10
3.2.2 Andre utmarksnæringer	11
3.2.3 Økonomi og sysselsetting	11
3.2.4 Jordbrukets tilpassing til endra rammevilkår.....	12
3.2.5 Kompetansebygging og rekruttering	13
3.2.6 Tilleggsnæringer.....	14
3.2.7 Samarbeid og samordning som konkurransesfortrinn.....	16
4 VISJON - HOVUDMÅL.....	17
4.1 Visjon for landbruket i Øystre Slidre.....	17
4.2 Hovudmål.....	17
5 MÅL OG TILTAK.....	17
VEDLEGG- STATISTIKK, KARTDOKUMENTASJON, OVERSIKT AKTUELT REGELVERK.....	38

Innleiing

Av landarealet i Øystre Slidre er vel 3 % jordbruksareal, mens produktiv skog utgjer vel 13 %. På landsbasis er tala høvesvis 3 % og 18 %. Mesteparten av jordbruksarealet finn ein i hovuddalføret opp til 800 moh. Mellom 800 og 1200 moh er det store beiteressursar som gjev grunnlag for omfattande stølsdrift og anna beitebruk. Eit sær preg ved kommunen er omfanget av stølsdrifta. 82 av 86 bruk med mjølkeproduksjon brukte stølen i 2007. Stølsområda vert dermed ein viktig del av ressursgrunnlaget for jordbruket i kommunen.

Stølsdrifta og anna langvarig beitebruk har gjeve som resultat eit unikt kulturlandskap av nasjonal verdi. Gjennom 'Stølsprosjektet i Øystre Slidre 2003 - 2005' er det gjennomført ein omfattande dokumentasjon av naturgrunnlag, kulturmiljø og drift som grunnlag for heilskapleg arealplanlegging, forvalting og næringsutvikling. Kvalitetane i disse områda gjev grunnlag for produkt med 'meirverdi' og for utvikling av tilleggsnæring. Landbruksplanen vil også vera tiltaksplan for stølsområda. Interessant i denne samanhengen er dei moglegheitene som ligg i Valdres Natur og Kulturpark med fokus m.a. på merkevarebygging og marknadsføring av lokale produkt. For å oppretthalde kulturmiljøet i stølsområda er det avgjerande at drifta held fram. For å oppnå dette vil det vera viktig at talet på driftseiningar i bygda blir oppretthalde, og at forvaltninga av stølsområda gjev grunnlag for både bruk og vern der både tidsmessige driftstilhøve og miljøverdiar blir ivaretakne.

Eit anna særtrekk ved kommunen er ei sterk reiselivsutvikling knytt til Beitostølen og hytteområde. Dette gjev både moglegheiter og utfordringar for landbruket. Moglegheitene er knytt til m.a. ein stor nærmarknad for lokale produkt og tenester samt moglegheiter for alternative inntekter. Utfordringane er m.a. knytt til varig omdisponering av areal, driftsmessige ulemper i samband med auka ferdsel, og manglande konkurranseevne i høve til lønnsnivå. Viktige oppgåver framover vert derfor å realisera noko av 'synergimoglegheitene' for landbruket, samt sikra naudsynt kvalitetsareal m.a. som grunnlag for driftsopplegg med omfattande utmarksbeiting.

Økonomien i landbruket vert i stor grad styrt av nasjonale og internasjonale rammevilkår. Landbruket har dei siste åra gått gjennom store endringar med krav til rasjonalisering og effektivisering. Sjølv om talet på driftseiningar i kommunen har gått ned er landbruksareal i drift ikkje redusert. Ei stor utfordring for landbruket framover er misforhold mellom kostnader til driftsmiddel og investering sett i høve til pris på produkt. For Øystre Slidre er det i denne samanheng særlig store utfordringar knytt til omfattande fornying av driftsbygningar bygd på 70- og 80-talet. I omlegging til meir produksjonsnøytrale tilskott bør det liggja moglegheiter for kommunar som Øystre Slidre, fordi den relative andelen av miljøgode/kulturlandskap i produksjonen er høg.

Ved 'kommunereforma' i 2004 vart det gjennomført delegering av lovforvalting (jordlov og konsesjonslov) og forvalting av økonomiske verkemiddel (SMIL og NMSK) til kommunane. Dette gjev rom, innafor statlege rammer, for å utvikla lokal landbrukspolitikk med utgangspunkt i lokale mål og føresetnader. Landbruksplanen vil vera eit viktig verkemiddel for utforming av kommunens bidrag til lokal landbrukspolitikk.

Kommunereforma har styrka kommunen sin rolle som forvaltningsmyndighet på landbruksområdet. Landbrukskontoret sin tradisjonelle rolle som rådgjevar for den einskilde brukar har dermed vorte redusert både av formelle og kapasitetsmessige grunnar. Det er derfor viktig med samordning av offentleg og privat rådgjeving til beste for den

enkelte næringsutøvar. Eit anna område som det er viktig å ha sterkt felles fokus på er kompetanseutvikling og rekruttering til landbruket.

Lokalt har vi liten moglegheit til å påverke nasjonale og internasjonale rammevilkår. I landbruksplanen vert det difor viktig å ha fokus på det lokale/regionale handlingsrommet. Spørsmålet vert kva landbruksnæringa sjølv og kommunen kan gjera for å oppretthalde eit levedyktig landbruk som tek vare på både produksjon av landbruksvarer og fellesgodar som kulturlandskap og 'levande' bygder.

Med bakgrunn i m.a. dialogen med næringa innleiingsvis i prosessen, fokuserar planen på seks hovudsatsingsområde : *Areal, jordbruk, tilleggsnæring, omdømmebygging og rekruttering, skogbruk og miljø.*

1 Planstatus og planforankring

Landbruksplanen er meint som ei kortfatta handlingsplan med mål, hovudsatsingsområde og tiltak. Planen er ei temaplan etter Plan- og bygningsloven (Pbl), og følgjer dermed Pbl sine reglar for medverknad og høyring.

Planen blir forankra i kommunen sitt plansystem ved at aktuelle tema blir innarbeida ved utarbeiding og revisjon av arealplanar.

2 Sentrale og regionale rammer

Landbruksplanen skal sjåast i samanheng med gjeldande lovverk og overordna planer og retningslinjer, mellom anna desse:

- "Ta landet i bruk." Strategidokument for næringsutvikling i landbruket 2007-2009. Landbruk - og matdepartementet 2007.
- St.meld. nr 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*
- Felles brev av 21.februar 2008 frå Landbruks-og matministeren og miljøvernministeren
- Regionalt miljøprogram for Oppland
- Strategiar for landbruksrelatert næringsutvikling i Oppland 2007-2009. Fylkesmannen i Oppland.
- "Livskraftig landbruk i Oppland" – Handlingsplakat utarbeid av Oppland Fylkeskommune og vedtatt av Fylkestinget i Oppland i 2005.
- Jordvernstrategi for Oppland 2007-2011..
- Handlingsplan for økologisk landbruk i Oppland. Fylkesmannen i Oppland.
- Regional strategi for skog- og tresektoren i Innlandet.
- "Avtale 2007-2017. Ein 10-årig plan for Lokalsamfunnsutvikling i Valdres." Charter for Valdres natur- og kulturpark

3 Landbruket i Øystre Slidre

3.1 Status og utviklingstrekk

Tala nedanfor er i hovudsak henta frå Statens Landbruksforvaltning (SLF) si statistikk frå dei årlege søknadane om driftstilskot i landbruket, samt frå Debio (økologisk produksjon), og frå pågåande skogtakst (skog- og utmark).

3.1.1 Arealgrunnlag - jord, skog og fjell/utmark

Tabell3.1. Arealfordeling -data frå Statens kartverk og digitalt markslagskart (DMK).

Arealtype 2007	daa
Jordbruksareal i drift	28 779
Produktiv skogsmark	115 790
Barskog	116 790
Lauv- og blandingsskog	105 440
Skoglaus utmark (impediment)	315 210
Vatn	82 000

3.1.2 Jordbruksproduksjon

Arealet til grovfór har lege rimelig konstant på heile 2000-tallet , og variert mellom 28 000 og 29000 da. Areala til **korn** har auka noko. Det er også registrert ei liten auke i produksjonar som **grønsaker** og **urter** dei siste åra. Potetdyrkingsa er redusert, men det er no eit eige føretak som satsar tungt på kommersiell produksjon av økologisk potet.

I tabellen nedanfor er produksjonane lista opp både som tal på driftseiningar og som mengde levert vare eller dyrka areal med rett til tilskot.

Talet på driftseiningar med husdyr har gått jamt og trutt attende, med unntak av **geit**. For **sau** og **storfe** er talet einingar redusert med ei tredjedel. Kraftforkrevjande produksjonar er det ikkje i Øystre Slidre i dag.

Når det gjelder **økologisk** produksjon (Debio-godkjend produksjon), så har totalarealet auka noko sida 2002, frå 3,9% av totalarealet i kommunen til 5,3% i 2007. Dette er om lag som gjennomsnittet for heile landet. Eng, bygg, potet og urter er produksjonar som har auka. Talet på husdyr på økologiske bruk har likevel gått attende. Mjølkekyr, ammekyr og mjølkegeit er no heilt ute, mens talet på sau har halde seg på om lag same nivå.

Tabell 3.2. Produksjonar, einingar og mengde i Øystre Slidre 2000-2007. Kjelde: SLF.

Produksjonar	2000		2005		2007	
	Einingar	Mengde	Einingar	Mengde	Einingar	Mengde
Kumjølk	116	6 356 961 L	89	6 372 763 L	76	6 562 546 L
Kjøtt, storfe	120	295,8 t	100	299,9t	90	271,7 t
Geitemjølk	13	253 763 L	12	283 882 L	10	320 688 L
Kjøtt, geit kje	13	4,5 t ---	12 8	4,0 t 376 stk.	12 8	2,7 t 392 stk.
Kjøtt, sau/lam	60	88,8 t 4.686 stk	46	92,1 t 4.657 stk	40	82,7 t 4.122 stk.
Kjøtt, gris	2	18,1 t 227stk.	3	0,6 t 6 stk.	2	0,1 t 1 stk
Korn	7	306 daa	13	576 daa	13	585 daa
Potet	50	63 daa	25	44 daa	16	38 daa
Grovfør	230	28.150 daa	178	27.986 daa	167	28.112 daa
Økologisk areal		1.086 daa (2002)		1.135 daa		1.482 daa

3.1.3 Dyretal

Dyretala er henta frå søknadane om produksjonstilskot i åra 2000, 2005 og 2008. Tala for 2008 er foreløpige pr. 1. januar.

Tabell 3.3. Dyretal 2000-2008. Kjelde: SLF.

Dyreslag	2000	2005	2008	Endring i perioden
Mjølkeku	1.411	1.262	1.157	- 254
Ammekyr	32	52	38	+ 6
Mjølkegeit	734	697	707	- 27
Ammägeit	0	0	51	+ 51
V.f. sau	3.357	3.282	3.124	- 233
Gris, omsatt	152	6	11	- 141
Hestar	46	68	84	+ 38
Verpehøner	9	0	30	+ 21
Pelsdyr, rev	415	263	100	- 315

For **mjølkeku** har det etter årtusenskiftet vore ei nedgang på 354 kyr. Det er ei årleg tilbakegang om lag lik det ein såg på 1990-talet. Storleiken på besetningane har i same periode auka frå 12 til 15 kyr i snitt. Talet på **ammekyr** har bevega seg noko opp og ned

frå 32 til 38 no i 2008. Talet på hestar har auka mykje, og det er i kommunen fleire aktørar som nyttar hest i næring, og skapt seg eit levebrød av det.

For **geiter** har dyretalet halde seg ganske jamt, men her også har besetningane auka, frå 56 til 70 mjølkegeit i snitt. No er det i tillegg kome til to besetningar med ammegeit på i alt 51 dyr, slik at det totale talet på geit faktisk har auka noko.

Talet på **vinterfóra sau** hadde ei sterk auke på 90-talet, men har sidan 2000 hatt ei svak nedgang. Besetningane har i same periode vokse frå 56 til 78 i snitt, som nok skuldast kraftig auke i nokre få store besetningar.

Ser vi på utviklinga for kommunane i valdresregionen etter årtusenskiftet (2001 – 2007) varierer nedgangen i talet på bruk som søkte om produksjonstilskot frå 16 – 27 %.

Nedgangen i talet på mjølkekryr har vore frå 10- 20 %. jfr. vedlagt statistikk (side 43)

3.2 Sterke og svake sider ved landbruket i Øystre Slidre

Sterke sider:

- Godt ressursgrunnlag for tradisjonell grovforbasert husdyrproduksjon.
- Lågt smittepress på plantar og dyr, som fylgje av kjølig klima.
- Rikelig med godt utmarksbeite gir gode forhold for mjølk- og kjøtproduksjon i fjellet.
- Stølsdrift er eit tradisjonsrikt system for effektiv utnytting av utmarksressursane, og ein levande stølskultur og intakte stølsmiljø er også ein attraktiv arena for reiseliv.
- Eit unikt kulturlandskap, som også i reiselivssamanheng er eit fortrinn.
- Godt utbygd vegnett i stølsområda gir lett tilgang på ressursane.
- Auka interesse for lokal foredling, utvikling og omsetjing av tradisjonelle produkt.
- Lokalt slakteri og kjøtforedlingsbedrift som samarbeidar med lokale foredlarar og tilbyr tenester til disse.
- Organisert omsetjing av lokalprodusert mat under merket Valdreskvalitet.
- Reiseliv og hyttefolk utgjer ein stor og kjøpesterk nærmarknad.
- Kompetente fagmiljø i kommunen.

Svake sider:

- Lang inneføringstid, med behov for mykje hausta fór.
- Kjølig og kort vekstsesong for andre planteproduksjonar enn grovfór.
- Lang avstand til folkerike marknader.
- Lite mangfold og nytenking i val av produksjonar og produksjonsformar.
- Redusert interesse for jordbruksfaglege emnar.
- Landbruket er ikkje hushaldninga si viktigaste inntektskjelde.
- Relativt små brukseiningar og mykje leigejord.
- Skogen har i stor grad ein uhensiktsmessig bruksstruktur med lange smale teigar.
- Eit generasjonsskifte, kor den yngre generasjonen ikkje har same interesse og tilknyting til landbruk og stølsdrift. Mange unge fell fort i frå.
- Minkande stølsdrift gjer det mindre attraktivt å vere på stølen for dei som vert att.
- Dårleg lønnsevne og ferieordning i forhold til alternativ sysselsetting.
- Auke i bestandar av jerv og gaupe.



Påverkbare og ikkje påverkbare forhold

Både blant dei sterke og dei svake sidene ved landbruket i Øystre Slidre, er det forhold som det er lite å gjere med, i alle fall i eit kort perspektiv.. Dette gjeld m.a faktorar som er naturgitte, eller som er eit produkt av storsamfunn eller internasjonale tilhøve.


Blant dei viktigaste er:

- *Klima:* Vekstsesong, temperatur og nedbør kan ein rå lite over. Klimaendringane kan både slå heldig og uheldig ut.
- *Gjengroing:* Store opne areal vil gro att med skog uansett tiltak. Driftsformer og omfang er i dag annleis enn det som skapte det opne stølslandskapet. Utanom intensivt brukte areal vil likevekta tippe mot skog.
- *Internasjonale forhold:* Politiske avtalar og internasjonal handel legg føringar for norsk landbrukspolitikk. EØS, WTO, biomangfald-konvensjonen, klimakonvensjonen, økonomiske konjunkturar, matvaremarknaden, energi- og råvaremarknaden påverkar også norske prisar, både på matvarer, kraftfør og driftsmidlar.
- *Kostnadsutvikling kontra inntektsutvikling.* Det har dei siste tiåra vore eit jamt aukande sprik mellom kostnadane på investeringar i landbruket og inntektsutviklinga i næringa.
- *Ei minkande landbruksbefolknign:* Landbrukets del av befolkninga minkar stadig. Det vil stadig verte vanskelegare å få forståing for sine interesser.

3.2.1 Skogbruk

I fylgje skogtaksten i 1991 er det totale stående volumet i kommunen berekna til i overkant av 1 million m³, og årleg tilvekst er berekna til 22 000 m³. Over 80 % av alle skogeigarane i kommunen har mindre enn 500 da produktiv skog, men dette utgjer under halvparten av det totale produktive arealet, som er om lag 115 000 dekar. Nærare 60 % av det produktive skogarealet er klassifisert som lågproduktiv. Vernskoggrensa fylgjer høgdekote 840 (austsida) og 860 (vestsida). I tillegg er alt nord for Mørken vernskog.

Avverking og planting i Øystre Slidre i perioden 1992–2007 er illustrert i figuren nedanfor:



Avverkinga dei siste 5 åra har halde seg rundt 10 000 m³, omlag halvparten av total årleg tilvekst. Aktiviteten i skogbruket fylgjer til ein viss grad etterspørselen og prisen på tømmer, samt driftstilhøve dei enkelte år. Aktiviteten på skogkultur varierar meir. Variasjonen i planting og andre foryngingstiltak fylgjer delvis avverknivå, men variasjonane skuldast også endringar i tilskotsordningar, skogfondsordningar samt fokus og trendar i skogbruket generelt på landsbasis.

Det har det vore ein generell opptur i skogbruket i heile landet dei siste par åra. Større etterspørsel etter sagtømmer har gjeve auka prisar på tømmer. I tillegg har sentrale myndigheter styrka skogfondordninga til 85 % skattefordel på alle investeringstiltak. I 2007 var avverkinga i Øystre Slidre på 10 450 m³ til ein samla verdi av 3 122 814 kr.

På grunn av at skogeigarane i kommunen totalt sett ikkje avverkar meir enn halvparten av tilveksten i kommunen, er det framleis store areal med gammal hogstmoden skog, som lett vert utsett for råte og dermed verdireduksjon. I fylgje spørjeundersøkinga var det 27 % som svarte at dei hadde avverka tømmer eller ved for sal. Av dei som ikkje hadde levert tømmer eller ved for sal, kom det fram at hovudårsakane var teigstrukturen og at skogen betydde lite som økonomisk ressurs for garden. Berre få svarte at vernskoggrensa var ein avgrensande faktor for om dei avverka eller ikkje. Den uhensiktsmessige teigstrukturen mange stader gjer at skogsdrifta vert lite rasjonell og dyrare å gjennomføre særleg for dei små skogeigarane.

Den nye skogtaksten som er planlagt gjennomført i løpet av perioden 2007–2009, vil mellom anna gje oppdatert informasjon om skogareal, treslagsfordeling, hogstklasse- og bonitetsfordeling, ståande kubikkmasse, tilvekst, sunnheitsstilstand og behovet for skogkultur. Samla sett vil skogtaksten gje eit svært godt grunnlag for vidare

aktivitetsfremjande tiltak der det er størst behov. I samband med skogtaksten skal det også utførast miljøregistreringar i skogen (MiS) på dei eigedomane som bestiller plan: Dette er eit vilkår for å få levert tømmer gjennom skogeigarforeiningane, til dømes Viken Skog BA.

3.2.2 Andre utmarksnæringer

Om lag 43,5 % av Øystre Slidre kommune er privat grunn, resten er statsgrunn. Organiseringa av grunneigarlag for å utnytte utmarksressursar som jakt og fiske er ulik. Det er 25 sameiger med jakt- og fiskerett, 14 grunneigarlag som har organisert seg i høve til jaktrett, og 12 grunneigarlag som har organisert seg i høve til fiske.

Når det gjeld utelege av jakt er det i dei fleste grunneigar/utmarkslag slik at den aktuelle jakta vert lagt ut på anbod. Grunneigarar frå jaktområdet har fyrste prioritet om dei søker. Når det gjeld fiske på privat grunn, er det mange stader mogleg å få kjøpt fiskekort på lokale utsalsstader, men felles for både jakt og fiske på privat grunn er at det liten eller ingen tilbydarinformasjon lett tilgjengeleg for utanbygds jegerar og fiskarar. Det er difor eit potensiale for ei betre utnytting av desse ressursane for dei som ønskjer det.

3.2.3 Økonomi og sysselsetting

Sysselsetting

Talet på søkerar om produksjonstilskot låg pr. 31.07.2007 på 180, mot 237 i 2000. Nedgangen vore på om lag ein tredjedel for dei store produksjonane mjølkeku, mjølkegeit og sau. Noko skuldast oppretting av samdrifter, og noko skuldast avgang. Snittalderen på brukarane i spørjeundersøkinga er 45 år for gardar med sau, og 50,5 år for mjølkebruk.

Heiltid/deltid

Spørjeundersøkinga syner at jordbruket i Øystre Slidre i liten grad gjev heiltids sysselsetting for ein familie. Berre for 6 av 100 bruk kjem heile inntekta frå garden. Av desse er det 5 mjølkeproduksjonsbruk. Om lag halvparten av mjølkebruka oppgjer at jordbruket står for mindre enn halvparten av familieinntekta. For bruk med sau har mindre enn 1/3 ei familieinntekt frå jordbruket som er større enn 50 %. Mjølkeproduksjonsbruka bidreg i snitt med 59 % av familieinntekta, mens det tilsvarende talet for bruk med sau er 40 %.

Verdiskapinga

Landbruket står også for ei stor verdiskaping som ikkje er lett å talfeste, knytt til infrastruktur og kulturlandskap. Held ein seg til konkrete tal står jordbruket i Øystre Slidre for ei verdiskaping på rundt 77 mill kroner. Av dette er 31,7 mill kr produksjonstilskot. Samla verdiskaping i landbruket blir dermed på rundt 80 mill kr.

3.2.4 Jordbrukets tilpassing til endra rammevilkår

Sett frå jordbrukarens si side er det tre hovudstrategiar ein nyttar seg av:

- Avvikling
- Konsolidering (vente og sjå).
- Endring av drift og driftsopplegg (kulepunkt under).

Strukturrasjonalisering

Dette har vore det tradisjonelle verktøyet for å tilpasse bruket til endra rammer. Statistikken for Øystre Slidre syner klart at talet på bruk går ned, men og at bruks - og buskapsstorleiken aukar. Dette har vore ein klar trend heilt sidan krigen, og har fram til no mest vore den vanlegaste tilpassinga som er satsa på for å møte nye rammer.

Samdrift

Dette har vore ein strategi mange har nytta seg av dei siste åra. Ved sidan av å auke effektiviteten i produksjonen har motivasjonen vore å halde areala i bruk og produksjonen oppe. I Øystre Slidre er det vesentleg fleire som har satsa på dette enn i andre Valdreskommunar, og talet har på det høgste vore 23. I 2007 var talet på samdrifter 19 med 43 deltakrar. Samarbeidet har i stor grad skjedd ved å utnytte eksisterande fjøs.

Ekstensivering

Om ein ser på inntektsdanninga i jordbruket over tid, kjem stadig meir frå tilskot som ikkje er knytt til produsert mengde. Prisane på produkta ein leverer har stått stille eller gått ned. Dette er i samsvar med utviklinga elles i dei fleste europeiske land, om ein ser bort frå siste halve året.

I desse landa ser ein at mange bønder, spesielt i meir marginale område, møter endra rammer med å ekstensivere drifta. Ein held oppe, eller aukar bruken av areal. Driftseininga held fram som sjølvstendig bruk, mens mjølke-og kjøtproduksjonen samt produksjonskostnadene går ned. Dette kan være ein alternativ strategi for bruk i kommunen, som av ulike grunnar vel å ikkje nytte seg av dei to andre retningane. Vilkåret er sjølvsagt at det er tilgang på arbeid eller arbeidsplassar i andre næringar, som kan kompensere for noko lågare inntekt.

Nye produksjonar og produksjonsformar

Jordbruket i Øystre Slidre er sterkt knytt til tradisjonelt husdyrhald. Det har elles dei siste åra vore arbeidd godt for å satse på kvalitetsproduksjon av økologisk potet. Det er også i tilknyting til matsatsing i reiselivet og i Valdres natur-og kulturpark, ytra ønskje og behov for ulike grønsaker og bær frå Øystre Slidre og Valdres. Det er små fagmiljø på desse felta i Øystre Slidre, og kommunen ser det som eit prioritert område å starte ein prosess for å få i gang slik produksjon på nokre bruk.

Rammevilkåra og marknadssituasjonen for økologisk landbruksproduksjon har dei siste åra vorte betre. Det er no underdekning i innanlandsmarknaden på mange produkt, m.a. mjølk, storfekjøt og saukjøt. Stortinget har som mål å auke økologisk produksjon og forbruk opp til 15% innan 2015. den fylkesvise handlingsplanen for økologisk landbruk speglar dette. For Oppland vil ein no fokusere meir på rekruttering i åra framover. Satsinga på økologiske produksjon skulle passe landbruket i Øystre Slidre godt, med si hovudvekt på storfe og sau. I tillegg ynskjer Fjellbygda Beito tilgang på økologisk mjølk til sin osteproduksjon. Det må vere eit mål at landbruket i Øystre Slidre tek del i den generelle økologiske satsinga ein no legg opp til.

3.2.5 Kompetansebygging og rekruttering

Rekrutteringsarbeid - egne "avleggjarar"

Motivasjon, engasjement, kompetanse og muligheter er sentrale stikkord for å skapa framtidstru og rekruttering hjå unge menneske, for busetting og drift av landbruksseigedomane i kommunen.

Mangfald er sentralt for gje eit godt klima for næringsutvikling. *Det er viktig at folk frå ulike arenaer kan møtast i dette arbeidet..* Ein foreslår å etablere ei gruppe med representantar frå kommunen som arbeider med næring, landbruksforvaltning, ungdomsarbeid og skule. I tillegg bør landbruket og andre næringar vere med i tillegg til at ungdommar frå målgruppa blir engasjert. Oppgåva må då vere å meisle ut ein strategi som kan skape eit engasjement blant ungdom for å overta gardsbruk, og drive desse i ein eller annen form for framtida.

Rekruttering - andre målgrupper

Det er ein trend at folk er interessert i småbruk. Tilflytting gir ofte ein vitamininnsprøyting for bygdefolket. Erfaringar frå andre områder viser at nye familiar ser på bygda og ressursane med andre augo. Ofte har dei fleire barn, god utdanning og bra økonomi. Dei tek med seg sin eigen arbeidsplass og er motiverte. Motiva er knytte til forventningar om eit godt bomiljø og nærleik til naturen. Mange er opptatt av de kulturelle verdiane i bygningar og landskap og ynskjer dyrehald og ein miljøvennleg produksjonsform.

Mange ser det som vanskeleg å selja livsverket sitt, samstundes som prisene på landbruksseigedomane er for låge til at dei t.d. får kjøpt seg att ein bustad av akseptabel standard. Mange har også ønskje om å dele frå deler av bruket, spesielt stølen. Emosjonelle bindingar til slektsgarden gjer det tyngre å selja utanfor familien.

I prosjektet ”Slipp oss til” (NBS) har ein satsa systematisk på å registrere gardsbruk utan drift og heilårs busetnad, og kontakte eigarane for å få i gang ein prosess. Erfaringane syner at mange har behov for å prate om situasjonen, og at kommunal fokus på problemstillinga set i gang prosesser i familien. **2-3 år er vanleg tid for å bestemme seg.** Dei som ikkje gir respons på skriftlig kontakt er ofte negative til å vere med vidare. Erfaringane er tilsvarande i eit liknande prosjekt i Valdres, der Øystre Slidre ikkje har vore med. Likevel har prosjektet vist at interessa for gardsbruk i Øystre Slidre er spesielt stor.

Ein vil legge opp til å gjennomføre ein tilsvarande registrering som er gjort i dei andre Valdreskommunane. Vidare fylge opp interesserte med naudsynt kontakt, og elles samarbeide med det eksisterande prosjektet.

Opplæring, rådgiving og etterutdanning – ansvar og samordning

Dette er hovedtrekka i utviklinga på desse områda:

- Rådgjeving blir overført frå det offentlege til private eller til organisasjonar eigd av bønder.
- Rådgjeving endrast frå å vere gratis til å bli betalte tenester
- Landbruksutdanning blir prioritert ned til fordel for andre fagutdanninger
- Landbrukskontora driv forvaltning og tilbyr vesentleg mindre rådgjeving enn tidlegare.

Ulike tiltak har vore prøvd ut for å samordne offentleg og privat rådgjevingsteneste, utan at ein har lykkast spesielt godt. På gren demøta gav dei frammøtte utsyn for at landbrukskontorets rådgjevingsrolle måtte styrkast, og at kommunens innsats på dette området var ein viktig pillar for å skape ein positiv utvikling for landbruket i kommunen.

Det er små ressursar til å drive personleg rådgjeving ut over det ein har i dag. Med kommunen nye rolle som forvaltningsmyndighet ligg det også formelle grunnar bak denne utviklinga. For å auke det faglege fokus frå kommunens side vil kommunen ta eit initiativ ovanfor Valdres natur og kulturpark for å få formalisert det regionale samarbeidet mellom landbrukskontora, slik at møteverksemd og fagmøte i større grad kan vere resultat av samarbeid. Dette vil kunne gje rom både for større møteverksemd og auke effektiviteten.

3.2.6 Tilleggsnæringer

28 % av dei som svara på spørjeundersøkinga driv tilleggsnæring. Undersøkninga syner at 24 % vurderer å starte med ein eller annan form for tilleggsnæring i løpet av 5 år. Det var mogeleg å krysse for fleire alternativ. Reiselivstilbod og ulike former for tenester peiker seg ut som dei mest aktuelle.

Grøn omsorg

Grøn omsorg, eller Inn på tunet, er eit tilbod som gardbrukarar kan yte overfor spesielle grupper med særskilte behov. Tiltaket er ofte knytte til avtaler med t.d. ei kommune. Garden inngår då som ein viktig del av rehabiliseringstilbodet til yrkeshemma, uføre eller menneske med psykiske problem. I andre høve kan det vere tilbod til ungdom med ulike adferdsproblem. Dette er m.a.o tenestetilbod som går føre seg i nært samarbeid med oppvekst/skule, helse og sosialsektor.

Det er i mange tilfeller ikkje så lett for kjøper og seljer å finne kvarandre. Dette kan skuldast at brukarane sine behov kan være både varierte og samansette. Ofte kjem tilboden om Grøn omsorg i gang ved at interesserte gardbrukarar sjølv har søkt seg fram til samarbeidspartnarar, og fått på plass naudsynte avtaler. Dette krev til dels langvarig og ressurskrevjande innsats. Det bør være eit mål at kommunen kan ta eit initiativ til å definere sine behov for slike tilbod, samt krav til kvalitetssikring og avtaleverk. På denne måten kan ein definere ein ”marknad” for dei som eventuelt vil satse på ei slik tilleggsnæring.

Bygdeservice

Ut frå spørjeundersøkinga ser det ut til at tenesteproduksjon peiker seg ut som eit område mange kan tenke seg å starte med. No er det i kommunen etablert fleire bygdeservice føretak, som har vore i drift i mange år. Kommunen vil sette fokus på temaet som eit fagområde på ”Landbrukskafeen”, som kommunen arrangerer eit par gonger i året. Målet er å få dei med praktiske røynsler til å presentere ulike sider av slik verksemd.

Gards- og stølsturisme

Geoturisme:

”Turisme som ivaretar, forsterkar og framhever et steds lokale eigenart –miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kommer lokalsamfunnet til gode.”

Øystre Slidre skulle ha eit godt utgangspunkt for denne type reiseliv, med bakgrunn i kva som normalt blir vurdert som dei viktigaste ressursane i ei slik satsing:

1. Særprega stedsspesifikke faktorar knytte til naturgjette, samt tradisjons- og identitetmessige kvalitetar.
2. Områdefortrinn gjennom eit veletablert reiselivstilbod i stort omfang.

For Øystre Slidre peiker stølsområda seg ut med omsyn til det første punktet. Omfanget av reiselivet i kommunen vil gje dei som vil satse i ein slik retning ein stor konkurransefordel framfor områder der reiseliv er meir eller mindre fråverande. Stølsprosjektet gjennomført 2003 – 2005 vil også vera eit viktig grunnlag for næringsutvikling på dette området.

Gardsturisme

Dei same rammene som er omtala ovanfor gjeld gardsturismen heime i bygda. Nokre få har satsa på overnatting og servering, mens andre har sett marknaden i den store interessa som i dag finst for opplevingar knytt til hesten. På begge desse områda kan det være rom for utviding.

Lokal matforedling

Dette har vore eit nasjonalt satsingsområde i fleire år, og ved sidan av Helle Slakteri har det kome opp nokre bedrifter som har satsa på dette. Reiselivet i kommunen og talet på hytter skulle gje gardsbruk/betrifter som vil satse på slike produksjonar eit stort og betalingsvillig nærmeknad for dei retta produkta, spesielt om ein kan klare koplinga sal/opplevning. Ei spørjeundersøking mot hytteigarane i kommunen (2001) stadfestar dette.



Landbruk +

Landbruk+ vart lansert som ein ny strategi i landbrukspolitikken med målsetting om m.a. å ta alle ressursane på garden i bruk gjennom utvikling av tilleggsnæringar. I denne samanhengen har kommunen viktige oppgåver som tilretteleggjar for lokal næringsutvikling ved å skape klarleik gjennom plansystemet.

I høve til Landbruk+ omfattar dette:

- Avklare kva for tiltak som ligg innafor Landbruk+ og dermed innafor LNF-føremålet.
- Vedta retningslinjer for dispensasjon.
- Sørgje for planforankring for tiltak ut over dette ved å avsett områder for spreidd næringsutvikling i kommuneplanen sin arealdel og ved utarbeiding av reguleringsplanar.

3.2.7 Samarbeid og samordning som konkurransefortrinn

Reiselivet og dei mange hyttene i Øystre Slidre gir dei som ynskjer å satse på tilleggsnæringer mange konkurransefortrinn. Ei tettare samarbeid mellom reiselivsnæringa og dei med tilleggsnæringer kan gje ytterlegare synergier på fleire område.

Lokalt - landbruk/reiseliv

Skal eit slikt samarbeid bli fruktbart, må det fyrst og fremst vere av praktisk art mellom tilbydarar av konkrete produkt, og mellom dei og det profesjonelle reiselivet.

Ein foreslår difor at kommunen tek eit initiativ for å stimulere dei som har småskala produkt å tilby, til å organisere seg slik at ein kan få i gang eit praktisk samarbeid på dei felte dei ser som mest sentrale. Dette gjeld også i samarbeid i eit fellesskap med dei større aktørane i reiselivet.

Regionalt sal, marknadsføring og logistikk

Samarbeid mellom næringar og på tvers av ulike sektorar er noko av grunnideen i Valdres natur-og kulturpark. Både innanfor jordbruk, foredling av mat, og småskala reiseliv er det utarbeidd kvalitetskriteriar og egne merke design. Det er og i gang ulike initiativ og prosjekter som tek for seg samarbeidsløysingar vedrørande sal, marknadsføring og logistikk. Skal denne felles regionale satsing lukkast, er det naudsynt at kommunen og dei som driv tilleggsnæring til jordbruk i Øystre Slidre samarbeider med og nyttar seg av både kompetanse og midlar som alt finst til slike tiltak i dette systemet

Kulturlandskapspleie og aktivering av kulturlandskapsverdiar

Samarbeid mellom landbruk og reiselivsnæring omkring pleie av kulturlandskapet er også ei av oppgåvene Valdres natur-og kulturpark arbeider med. Ein foreslår at ein prioriterer arbeidet på dette området ved å ta del tek del i dei initiativa som kjem regionalt.

Øystre Slidre ligg svært langt framme med omsyn på registreringar og tilgang til ulike data knytt opp til kulturlandskapet (m.a. stølsprosjektet). Med tilrettelegging og popularisering kan denne kunnskapen gje mange spennande og nye opplevingsprodukt til nytte for reiselivet både i Øystre Slidre og i Valdres .

4 Visjon - hovudmål

4.1 Visjon for landbruket i Øystre Slidre

”Øystre Slidre kommune vil arbeide for eit framtidsretta, livskraftig og kompetansebasert landbruk med levande bygder, levande stølsmiljø og næringsutvikling i sentrum.”

4.2 Hovudmål

1. Sikre og tak vare på landbruksareal og verdiane i kulturlandskapet.
2. Utvikle og styrke det eksisterande landbruket i kommunen.
3. Utvikle og styrke nye og alternative landbrukstilknytte næringar.
4. Synleggjere og bevisstgjere tydinga av eit livskraftig landbruk.

5 Mål og tiltak

Planen fokuserar på seks hovudsatsingsområde: *Areal, jordbruk, skogbruk, tilleggsnæring, omdømmebrygging, rekruttering og miljø.* For disse hovudsatsingsområda har det laga ein tabell med delmål og tilhøyrande tiltak.

Tabell 5.1 på neste side har oversikt over hovudmål og delmål. Vidare følgjer nærmere omtale av hovudsatsingsområda med alle aktuelle tiltak knytt til ulike delmål. Avslutningsvis er det i tabell 5.2 (frå side 31), sett opp ei oversikt over alle prioriterte tiltak med opplysningar om ansvarleg, aktuellesamarbeidspartnarar, kostnad/finansiering og tidsramme for gjennomføring



Tabell 5.1 Oversikt over hovudsatsningsområde, hovudmål og delmål

Hovudsatsningsområde A Arealbruk	Hovudsatsningsområde B Jordbruk	Hovudsatsningsområde C Skogbruk	Hovudsatsningsområde D Tilleggsnæringer	Hovudsatsningsområde E Omdømmebygging og rekruttering	Hovudsatsningsområde F Miljø
Hovudmål <i>Sikre og take vare på landbruksareal og verdiane i kulturlandskapet.</i>	Hovudmål <i>Utvikle og styrke landbruket i kommunen.</i>	Hovudmål <i>Auke utnyttinga av skog- og utmarksressursane.</i>	Hovudmål <i>Utvikle og styrke landbrukstilknytte næringer.</i>	Hovudmål <i>Synleggjere og bevisstgjere tydinga av eit livskraftig landbruk..</i>	Hovudmål <i>Styrke landbruket sin miljøprofil.</i>
Delmål A1 Synleggjere dei viktigaste landbruksareala og forvalte jordbruksareala i samsvar med jordvernstrategi for Oppland. Delmål A2 Førebygge og löyse arealkonflikter mellom landbruk og andre interesser.	Delmål B1 Gjennomføre tiltak som kan bidra til å oppretthalde talet på brukseininger i drift i kommunen. Delmål B2 Styrke og utvikle stølsdrift som ei lønsam og berekraftig driftsform. Delmål B3 Styrke beitebruken i utmarka. Delmål B4 Bruke tilskotsordningar og andre økonomiske verkemiddel til målretta tiltak for eit berekraftig landbruk. Delmål B5 Utforme prinsipielle retningslinjer for bruken av formelle/ juridiske verkemiddel – lovforvaltning og forureining	Delmål C1 Ei avverking i skogbruket som nærmar seg den årlege tilveksten i den produktive skogen. Delmål C2 Auke planting, markbereiing og ungskogspleie i høve til avverking og behov. Delmål C3 Oppretthalde og utvikle utmarksressursar av høg kvalitet for berekraftig hausting, rekreasjon og næringsmessig utnytting.	Delmål D1 Etablere tilbod om grøn omsorg og få fleire gardsbruk som driv med småskala tilbod innanfor reiseliv og matforedling. Delmål D2 Bidra til å informere og skapa interesse for etablering av småkraftverk og for bioenergi, både for eigen energiforsyning og som tilleggsnæringer. Legge tilhøva til rette for ein betre utnytting av grus og mineralforekomstane i kommunen. Delmål D3 Skape klarare rammer for dei som vil satse på tilleggsnæringer eller anna næring knytt opp mot gardsbruk, m.o.t plansystem (Landbruk +).	Delmål E1 Betre det generelle omdømmet av landbruket og styrke rekrutteringa til næringa. Delmål E2 Skape eller auke deltakinga på arenaer der samarbeid reiseliv -landbruk kan vere eit konkurransefortrinn Delmål E3 Auke tilbodet omkring relevante fagemne og styrke samarbeidet for kompetanseheving i landbruket.	Delmål F1 Redusere punktutslipp frå gjødsel- og fôrlager og etablere ein akseptabel kommunal beredskap om ulykka skulle være ute. Delmål F2 Sikre ein høg vasskvalitet til både hushald og jordbruk. Delmål F3 Ta vare på det biologisk mangfaldet i kulturlandskap, skog og utmark.

Hovudsatsingsområde A: Areal

Hovudmål:

Sikre og take vare på landbruksareal og verdiane i kulturlandskapet.

Kvifor: Det er viktig å verne om dei gode arealressursane for landbruket i kommunen. I ein verden med aukande press på matressursane, er det særskilt viktig å halde på eiga evne til å produsere mat og fôr.

I eit marginalt miljø opp mot dyrkingsgrensa, som heile dalføret vårt er, er små forskjellar i driftstilhøva avgjerande for om ein kan drive landbruk eller ikkje. Dei beste areala for jord-, skog- og stølsbruk er allereie i bruk og kan berre erstattas av marginal mark. Dette set store krav til ansvarleg forvaltning og planlegging for framtida.

Landbrukets kulturlandskap er ikkje berre ein ressurs for mat- og fôrproduksjon. Det er også ei kulturell og biologisk arv, og ein viktig del av reiselivsproduktet i kommunen vår.

Delmål A1

Synleggjere dei viktigaste landbruksarealet og forvalte jordbruksarealet i samsvar med jordvernstrategi for Oppland.

'Kjerneområde landbruk' er eit omgrep som definerar område som er prioriterte for å sikre matproduksjon og kulturlandskap. (*Kjerneområde landbruk. Vegleiar for registrering og prioritering av viktige områder for jordbruk og kulturlandskap. MD - LMD 2005.*, T-1443)

Tiltak A1:

- Definere og kartfeste 'kjerneområde landbruk' for heile kommunen.

Delmål A2

Førebyggje og løyse arealkonfliktar mellom landbruk og andre interesser.

Nedbygging og bruk av landbruksareal som gjer dei varig uegna til landbruksformål skaper ofte konfliktar. Eit hovudproblem er at dei mest produktive utmarksarealet for landbruket også er attraktive for andre føremål. Ein planberedskap bygd på ein konsekvenstankegang og egnethetsvurdering vil vere eit konfliktdempende hjelpemiddel.

Etter som trafikken frå rekreasjon og reiseliv aukar, vert det også konfliktdempende å planleggje og leggje tilrette for friluftsferd.

Tiltak A2:

- Ha ein planberedskap som dokumenterer landbrukets arealinteresser og integrerer disse i all arealplanlegging.
- Laga ein stig- og løypeplan for utmarka, med konfliktdempende omsyn til natur, næring og kulturmiljø.
- Bidra til at det vert lagt til rette for ferdsel gjennom praktiske tiltak, der det er naudsynt med omsyn til andre interesser.

Hovudsatsingsområde B: Jordbruk**Hovudmål:*****Utvikle og styrke landbruket i kommunen***

Kvifor: Rammene rundt jordbruksnæringa er sterkt endra dei seinare år. Kvantitativt importvern er erstatta av vanleg tollvern med varierande tollsatsar, knytt til produkt og sesong. Jordbruksavtalen har fått mindre å seie for utviklinga av jordbruket enn før, og lønsemda er redusert. I tillegg kjem den teknologiske utviklinga som ei sterk kraft for endringar. Samstundes opnar no tradisjonelle driftsformer som stølsdrift og utmarksbeite, samt kulturlandskap og kulturverdiar, opp for skaping av meirverdiar knytt til regional særeigenheit. Innafor desse rammene må jordbruket finne si form, og som andre næringar endre seg i tråd med tida for å vere berekraftig.

Delmål B1**Gjennomføre tiltak som kan bidra til å oppretthalde talet på brukseininger i kommunen.**

Strukturrasjonalisering har fram til no mest vore den einaste tilpassinga som er satsa på for å møte nye rammer. Skal ein bremse avgangen i talet på bruk, må ein også ty til alternative strategiar.

Tiltak B1:

- Initiativ for å kartlegge interesse og skape miljø for etablering av nye fellesfjøs i kommunen.
- Fagmøte for å skape interesse og kompetanse til utviding av garden på tradisjonelt vis (jf. 'folkefjøset').
- Ta initiativ til å få brukarar til å vurdere om ekstensivering er ei driftsform som kan vera aktuell som alternativ til å slutte med gardsdrifta.

- Ta initiativ til og støtte nye produksjonar innan grønsaker, urter, bær og anna, som krev spesialisering og i dag manglar eit lokalt fagmiljø.
- Ta initiativ til å støtte økologisk produksjon som ei alternativ driftsform.

Delmål B2

Styrke og utvikle stølsdrift som ei lønsam og berekraftig driftsform.

Mykje av stølsareala i kommunen ligg i Øystre Slidre statsallmenning og innafor planområdet for ein utvida Ormtjernkampen nasjonalpark. Det er avgjerande for landbruket i Øystre Slidre at forvaltning og vern i disse områda ikkje er til hinder verken for tradisjonelt støls- og beitebruk, eller nye landbrukstilknytte næringar. Ei samordning av fjellova/seterforskrift og kommunalt regelverk/politikk vert sentralt.

Infrastruktur som vatn, straum/aggregat og mjølkingshus ragar høgt på lista over ting som stølsbrukarar ynskjer seg støtteordningar for. Dette er viktige innsatsfaktorar for ei lønsam og trygg stølsdrift nå og i framtida. Tilskot til dette kan vere eit effektivt støttetiltak. Det same gjeld stimulering og utvikling av beitebruken. Vern av kulturlandskap og kulturmiljø er eit område som ikkje berre har natur- og kulturhistorisk verdi, men som også gjer ny næringmessig utnytting av stølen mogleg.

'Stølsprosjektet' frå 2003 -05' kartla stølsområda med omsyn til bruk og vern, og dannar eit viktig grunnlag for tiltak i stølsområda.

Tiltak B2:

- Kommunen skal arbeide for ei lokal forankring av forvaltninga i stølsområda, innafor eit eventuelt verneområde
- Støtte vassforsyning i stølslaga av god og sikker kvalitet.
- Stimulere til samarbeidstiltak om slått/beiting av all innmark i stølslaget.
- Stimulere til nye driftsformer som kan oppretthalde verksemد og miljø i stølslaga.
- Kommunen skal utarbeide ein samla strategi og plan for å ta vare på kulturmiljøet i kommunen, og m.a. utarbeide ein bygningsvern-/byggvegleiar.

Delmål B3

Styrke beitebruken i utmarka.

Attgroing er eit aukande problem i beiteområda i utmarka. Årsaka er ei generelt redusert ressursutnytting i utmarka. All mark opp til 1100 moh. er gjengroingsmark, og i Øystre Slidre er om lag 26% av totalarealet i kommunen i faresona. Nokre stader er framveksten av barskog i beiteområda eit problem, sidan ein då kjem i konflikt med vernskoglovgivninga.

Tiltak i form av hogst og krattknusing er aktuelt på den beste beitemarka, og gir raskt eit godt resultat. Men slike tiltak krev god oppfyljing med aktivt styrt beitebruk for at ikkje gjødslingseffekten igjen skal føre til rask attgroing. Tiltak på mindre produktiv mark gir lite attende, slik at godt oversyn over ressursane og planlegging av tiltaka er naudsynt. Auka bruk av permanente og midlertidige gjerder for å sperre eller leie beitedyr vekk frå konfliktområde, og for å betre utnyttinga av god beitemark vert aktuelt.

Tiltak B3:

- Kartlegge areal i stølslag og utmark som er viktige å halde i hevd for beitebruk.
- Sette inn tiltak for å hindre attgroing på god og viktig beitemark.
- Styrke og utvikle nye beitebruksformer.
- Utgreie spørsmål rundt gjerding og beiterett knytt til hytter og reiseliv.
- Oppgradere beredskapsplanen for frittgåande beitedyr med fokus på rovvilt, rovviltjaktlag og beredskapshammene
- Ta initiativ til å revidere vernskogregelverket, slik at omsynet til miljø og kulturlandskap får større vekt.

Delmål B4

Bruke tilskotsordningar og andre økonomiske verkemiddel til målretta tiltak for eit berekraftig landbruk.

Den kommunale virkemiddelpotten er avgrensa. Andre statlig finansierte ordningar er øyremerka spesielle område, slik at rommet for lokal prioritering er mindre. Men alle midlane har ein viktig funksjon som smøremiddel og katalysator for å få sett i verk tiltak som kan bringe landbruket i ønska retning. Målretting og samordning av slike virkemiddel i landbruket er viktig for å nå mål, og for å få til ei effektiv administrasjon av ordningane.

Tiltak B4:

- Skipa til ein felles søknadsfrist og søknadsinformasjon for alle tilskotsordningane, SMIL - kommunale - Fjellstyret/Fjellstyresambandet.
- Utarbeide retningsliner for bruk og prioriteringar av kommunale midlar til landbruket i samsvar med prioriteringane av tiltak i landbruksplanen.
- Ny langtidsstrategi for SMIL- og NMSK ordninga

Delmål B5

Utforme prinsipielle retningsliner for bruken av formelle og juridiske verkemiddel – lovforvaltning.

Innanfor det formelle lovverket (jord- og konsesjonslov) er det rom for kommunale prioriteringar og føringar. Målretting og langsiktige retningsliner vil vera eit bidrag til å nå kommunale målsettingar og ei meir effektiv forvaltning.

Tiltak B5:

- Utarbeiding av langsiktige retningsliner i bruken av formelle og juridiske verkemiddel, som i konsesjonssaker, frådeling bygging og –omdisponeringssaker.



Hovudsatsingsområde C: Skogbruk og utmarksnæring

Hovudmål:

Auke utnyttinga av skog- og utmarksressursane

Kvifor: Skogbruk og utmarksnæring bidreg mykje mindre til landbruksnæringen i Øystre Slidre enn det ressursen kan yte, og har eit potensiale for betre utnytting både når det gjeld tradisjonelt skogbruk og utmarksnæring. Låg aktivitet i skogbruket kan til dels skuldast årlege virkesprisar, men også ein uhensiktsmessig teigstruktur som gir driftsmessige utfordringar. Skog og utmarksressursen har eit potensiale for å skape meir sysselsetjing og inntekt enn den no gjer. Det gjeld å finne fram til betre organisering, samarbeidsløysingar og utnytte ressursane betre.

Delmål C1

Ei avverking i skogbruket som nærmar seg den årlege tilveksten i den produktive skogen.

Tiltak C1:

- Oppfylging av skogtakst
- Legge til rette for etablering av biobrenselanlegg basert på flis i kommunen.
- Kartlegge status og behov for vedlikehald, opprustning og nybygging av skogsvegar, både traktor- og bilvegar.
- Etablere samarbeidsløysingar mellom skogeigarane for meir rasjonell drift ved avverking.
- Stimulere til auka vedproduksjon for sal, spesielt i viktige kulturlandskapsområde.

Delmål C2

Auke planting, markbereiing og ungskogspleie i høve til avverking og behov.

Tiltak C2:

- Auke interessa og kunnskapen kring skogkultur og skogfondordninga gjennom kurs, informasjon og oppsökjande verksemd.

Delmål C3

Oppretthalde og utvikle utmarksressursar av høg kvalitet for berekraftig hausting, rekreasjon og næringsmessig utnytting.

- Stimulere til samarbeidstiltak/organisering av grunneigarlag/utmarkslag og utmarksplanlegging
- Marknadsføring og informasjon om eksisterande jakt- og fisketilbod gjennom aktuelle nettsider.
- Næringsmessig utnytting av fisk og vilt.
- .



Hovudsatsingsområde D: Tilleggsnæringer

Hovudmål:

Utvikle og styrke landbruksstilknytte næringer.

Kvifor: Reiselivet og dei mange hyttene i Øystre Slidre gir dei som ynskjer å satse på tilleggsnæringer mange konkurransesfortrinn. Det ligg mange synergier i eit tettare samarbeid mellom dei som orienterer seg mot desse marknadene, og mellom det profesjonelle og store reiselivet og dei mindre aktørane.

Delmål D1

- Etablere tilbod om grøn omsorg og få fleire gardsbruk som driv med småskala tilbod innanfor reiseliv og matforedling.**

Tiltak D1:

- Kommunen skal definere sine behov for tilbod som "Grøn omsorg", samt krav til kvalitetssikring og avtaleverk, slik at "marknaden" er definert for dei som vil satse på dette.
- Mobiliseringsmøte- eventuelt studietur for å skape fleire tilbod på området "Småskala reiseliv" - både i bygda og i stølsområda.
- Mobiliseringsmøte- eventuelt studietur for å skape fleire tilbod på området "Lokal matforedling"
- Kartlegge praktiske aktørar sine behov og stimulera til samarbeidsløysingar.

Delmål D2

- Bidra til å informere og skapa interesse for etablering av småkraftverk og for bioenergi, både for eigen energiforsyning og som tilleggsnæring.**
- Laga ein samla plan for stein-og grusressursar med naudsynt oppdatering av geologiske grunndata.**

Tiltak D2:

- Mobiliserings/informasjonsmøte- eventuelt studietur med temaet småkraftverk.
- Kommunen skal definere behov, kvalitetskrav og kvalitetssikring samt avtaleverk, for leveransar av bioenergi, slik at "marknaden" er definert for dei som vil satse på dette.
- Laga ein samla plan for stein-og grusressursar med naudsynt oppdatering av geologiske grunndata

<p>Delmål D3</p> <p>Skape klarare rammer for dei som vil satse på tilleggsnæringer eller anna næring knytt opp mot gardsbruk, m.o.t. plansystem (Landbruk +).</p>
<p>Tiltak D3:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Utarbeiding av felles mål og retningsliner for kommunen/ /Fjellstyret Statskog for næringsutvikling og kulturmiljø i stølsområda. ▪ Utarbeide og vedta: Avklaring av kva for tiltak som ligg innafor Landbruk+, retningsliner for dispensasjon, og planforankring for tiltak ut over dette.

<p>Hovudsatsingsområde E: Omdømmebygging og rekruttering</p> <p>Hovudmål</p> <p>Synleggjere og bevisstgjere tydinga av eit livskraftig landbruk.</p> <p><i>Kvifor:</i> Landbruket er ein viktig leverandør av kultur -og fellesgoder. Ikkje alle er klar over dette i tilstrekkeleg grad. Kunnskapsformidling som gir auka status for næringa er viktig for den som driv i næringa - føle seg verdifull og viktig som del av eit mangfaldig samfunn. Ei høgare aksept av landbruket vil også lette rekrutteringa til yrket, og i større grad føre til at ein tek meir omsyn til landbrukets interesser i samfunnsplanlegginga.</p>
<p>Delmål E1</p> <p>Betre det generelle omdømmet av landbruket og styrke rekrutteringa til næringa.</p>
<p>Tiltak E1:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Etablere ei tverrfagleg gruppe frå kommune, skule, kultur, landbruk og unge for å meisle ut ein strategi som kan skape eit engasjement blant ungdom for å overta gardsbruk, og drive desse i ein eller annen form for framtida. ▪ Bli med på valdresprosjektet der har ein satsa systematisk på å registrere gardsbruk utan drift og heilårs busetnad, og kontakte eigarane for å få i gang ein prosess omkring eit eventuelt sal til interesserte.

Delmål E2

Skape eller auke deltakinga på arenaer der samarbeid reiseliv/landbruk blir/er konkurransefortrinn.

Reiselivet og dei mange hyttene i Øystre Slidre gir dei som ynskjer å satse på tilleggsnæringer mange konkurransefortrinn. Ei tettare samarbeid mellom reiselivsnæringa og dei med tilleggsnæringer kan gje ytterlegare synergiar på fleire område.

Tiltak E2:

- Registrering og organisering av tilbydarar av konkrete produkt innanfor småskala reiseliv/foredling og utarbeiding av samarbeidsløysingar med reiselivsbedrifter.
- Aktivt samarbeid med VNK for fellesløysingar for marknadsføring, logistikk og sal av ulike småskala produkt.
- Etablere prosjekt for tilrettelegging og popularisering av all kunnskap om landskap, kultur og landbruk som i dag ligg i kommunen, til nye spennande opplevingsprodukt.
- Delta i dei tiltaka som blir etablert av VNK omkring kulturlandskapspleiesamarbeid reiseliv/landbruk.
- Utrede vidare planane om eit regionalt støllsenter på Beitostølen.

Delmål E3

Auke tilbodet omkring relevante fagemne og styrke samarbeidet for kompetanseheving i landbruket.

Tiltak E3:

- Formalisert regionalt samarbeid om fagmøte mellom landbrukskontora i Valdres.



Hovudsatsingsområde F: Miljø

Hovudmål:

Styrke landbruket sin miljøprofil.

Kvifor: Landbruket sit i ein nykkjelposisjon med omsyn til viktige miljømål. Både på områder som klima, energi, kulturlandskap og forvaltning av biologisk mangfald er landbruket ein viktig aktør og problemløysar. Samstundes har landbruket som næring eit ansvar for å levere reine og sunne produkt utan belastande forureining eller utnytting av miljøet.

Delmål F1

Redusere punktutslipp frå gjødsel- og fòrlager og etablere ein akseptabel kommunal beredskap om ulykka skulle være ute.

Tiltak F1:

- Kontakt med gardsbruk med blautgjødsellagring og grassilo for vurdering av tilstand og behov for tiltak – 20 bruk/år.
- Fagmøte omkring tema ”Forsøpling og forureining” (t.d. ”lagerplass for rundballar”).
- Kvalitetssikre den kommunale beredskapsplanen for punktutslipp i landbruket.

Delmål F2

Sikre ein høg vasskvalitet til både hushald og jordbruk.

Høg vasskvalitet er avgjerande innan jordbruk og matforedling.

Tiltak F2:

- Samarbeide med Mattilsynet om utarbeiding av ein ”vassvegleiar”.
- Fagmøte med tema ”enkel sikring av vasskvalitet og vasskilder”.

Delmål F3**Ta vare på det biologisk mangfaldet i kulturlandskap, skog og utmark.**

Landbruket er som brukar av dei biologiske arealressursane ein hovudaktør når det gjeld forvaltning av biologisk mangfald.

Tiltak F3:

- Auke kunnskapen hos gard- og skogbrukarane om biologisk mangfald og korleis ein kan integrere omsynet til biologisk mangfald i gards- og skogsdrifta.

Tabell 5.2. Oversikt over prioriterte tiltak, ansvarleg, samarbeidspartnarar, kostnad/finasiering og tidsramme for gjennomføring.(Koder: ØSK – Ø. Slidre kommune, ØSF- Ø. Slidre Fjellstyre, FM – fylkesmannen, FMLA- fylkesmannens landbruksavdelin, OFK- oppland fylkeskommune, VNK – Valdres natur- og kulturpark.VKR – Valdres kommunale renovasjon, A: eigen arbeidsinnsats Ø: Kostnad - friske midlar, SMIL – tilskott landbrukets kulturlandskap, NMSK – tilskott nærings og miljøtiltak i skogbruket)

Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspartnarar	Overslagslag kostnader	Forslag til finansiering	Tidsramme for gjennomføring
Tiltak A1: 1. <u>Definere og kartfeste 'kjerneområde landbruk' for hele kommunen.</u>	Næring/miljø	Faglag/FMLA	A: 20 dgv Ø: 30 000	ØSK: 10 000 FMLA: 20 000	2009 -2010
Tiltak A2: 1. <u>Ha ei planberedskap som dokumenterer landbrukets arealinteresser og integrerer disse i all arealplategging.</u> 2. <u>Laga ein stig- og løypeplan for utmarka, med konfliktdempande omsyn til natur, næring og kulturmiljø.</u> 3. Bidra til at det vert lagt til rette for ferdsel gjennom praktiske tiltak, der det er naudsynt med omsyn til andre interesser.	Næring/miljø Næring/miljø Næring/miljø	Grunneigarlag/Grendelag/Reiseliv Grunneigarlag/ØSF(Område- tiltak)	A: 5 dgv pr. år A: 30 dgv Ø: 20 000 A: 5 dgv pr år	ØSK: 10 000 Reiselivet: 10 000 ØSK SMIL Reiselivet	2009 – 2012 2009 – 2010 2010 - 2012
Tiltak B1: 1. Initiativ for å kartlegge interesse og skapa miljø for etablering av nye fellesfjøs i kommunen. 2. <u>Fagmøter for å skape interesse og kompetanse til utviding av garden på tradisjonelt vis (jfr. 'folkefjøset').</u>	Næring/miljø Næring/miljø	Faglaga og produsentlaget Landbrukskontora i Valdres	A: 3dgv Ø: 5000 A: 3dgv Ø: 5000	ØSK: 2500 Faglag: 2500 ØSK: 2500 Andre kom: 2500	2009 – 2010 2010

3. <u>Ta initiativ til å få brukarar til å vurdere om ekstensivering er ei driftsform som kan vera aktuell som alternativ til å slutte med gardsdrifta.</u>	Næring/miljø	Landbrukskontora i Valdres	A: 5 dgv Ø: 18 000	ØSK: 4 000 SMIL: 8 000	2009
4. Ta initiativ til og stimulere nye produksjonar innan grønsaker, urter, bær og anna som krev spesialisering og i dag manglar eit lokalt fagmiljø.	Næring/miljø	Valdres Forsøksring	A: 3dgv Ø: 10 000	ØSK: 5 000 Valdres Forsøksring 5 000	2010 (vinter – haust)
5. Ta initiativ til å støtte økologisk produksjon som ei alternativ driftsform.	Næring/miljø	Valdres Forsøksring	A: 3dgv Ø: 10 000	ØSK: 5 000 Valdres Forsøksring 5 000	2010 (vinter – haust)
Tiltak B2:					
1. Kommunen skal arbeide for ei lokal forankring av forvaltninga i stølsområda, innafor eit eventuelt verneområde	Kommunen	ØSF	A: 5 dgv		2009 – 2010
2. <u>Støtte infrastrukturtiltak (vassforsyning, straum, veg) i støslaga</u>	Næring/miljø	Mattilsynet/ TINE	A: 5 dgv pr år Ø: 250 000	ØSK: 300 000	2009 – 2012
3. <u>Stimulere til samarbeidstiltak om slått/beiting av all innmark m.m. i støslaget.</u>	Næring/miljø	Områdetiltaka	A: 6dgv pr. år Ø: 180 000	SMIL: 180 000	2009 - 2010
4. Stimulere til nye driftsformer som kan oppretthalde verksemd og miljø i støslaga.	Næring/miljø	Landbrukskontora i Valdres/VNK	A: 2dgv Ø: 10 000	ØSK: 5 000 VNK: 5 000	2010 (vår – haust)
5. <u>Kommunen skal utarbeide ein samla strategi og plan for å ta vare på kulturmiljøet i kommunen, og m.a. utarbeide ein bygningsvern/byggvegleiar.</u>	Kommunen /KUN	VNK/OFK	A: 20 dgv Ø: 30 000	ØSK: 10 000 OFK/FMLA: 20 000	2010 (vinter)

Tiltak B3:					
1. Kartlegge areal i stølslag og utmark som er viktige å halde i hevd for beitebruk	Næring/miljø	Faglaga/FMLA/ Områdetiltaka/Skog og landskap	A: 10 dgv		2010 (haust – vinter)
2. Sette inn tiltak for å hindre attgroing på god og viktig beitemark.	Næring/miljø	Faglag/beitelag/ØSF/statskog Beitelag/faglag/ØSF	A: 5 dgv A: 5 dgv		2011 – 2012
3. Styrke og utvikle nye beitebruksformer.	Næring/miljø	Beitelaga/ØSF/reiseliv Faglag/Beitelag/ØSF	A:15 dgv		2010 - 2011
4. <u>Utgreie spørsmål rundt gjerding og beiterett knytt til hytter og reiseliv.</u>	Kommunen	Fgalag/ØSF/FMLA	A: 5 dgv		2010
5. <u>Oppgradere beredskapsplanen for frittgående beitedyr. Fokus på rovvilt, rovviltjaktag og beredskapshammene</u>	Næring/miljø	Faglag/FMLA	A: 5 dgv		2009
6. Ta initiativ til å revidere vernskog-regelverket, slik at omsynet til miljø og kulturlandskap får større vekt.	Næring/miljø	Faglag/Sau og geitavslaget/produsentlaget/KUN-nemnda ØSF	A: 5 dgv A: 1 dgv pr år		2009 2010 – 2012
Tiltak B4					
1. <u>Ny langtidsstrategi for SMIL- og NMSK</u>	Næring/miljø				
2. <u>Skipa til ein felles søkerfrist og søkerinformasjon for alle tilskotsordningane, SMIL - kommunale- Fjellstyret/Fjellstyresambandet.</u>	Næring/miljø				2009
3. <u>Utarbeide retningsliner for bruk og prioriteringar av kommunale midlar til landbruket i samsvar med prioriteringane av tiltak i landbruksplanen.</u>	Næring/miljø	Faglag/Sau og geitavslaget/prod.lag/KUN-nemnda	A: 3 dgv		2009 (vår)

Tiltak B5: 1. <u>Utarbeidning av langsiktige retningslinjer bruken av formelle og juridiske verkemiddel, som i konsesjonssaker, frådeling bygging og –omdisponeringssaker.</u>	Kommunen	Faglaga/FMLA	A: 10 dgv		2009 - 2010
Tiltak C1: 1. <u>Oppfølging av skogtakst</u> 2. <u>Legge til rette for etablering av biobrenselanlegg basert på flis i kommunen.</u> 3. <u>Kartlegge status og behov for vedlikehald, opprustning og nybygging av landbruksvegar, både traktor- og bilvegar.</u> 4. <u>Etablere samarbeidsløysingar mellan skogeigarane for meir rasjonell drift ved avverking.</u> 5. Stimulere til auka vedproduksjon for sal i mellom anna viktige kulturlandskapsområde.	Næring/miljø Kommunen Næring/miljø Næring/miljø Næring/miljø	Skogeierlaget/skogeigarane Skogeigarlaget Faglaga Skogeigarlaget/Skogeigarforeninga Skogeigarlaget/Statskog SF	A: 10 dgv A: 15 dgv A: 2 dgv Ø: 40 000 A: 5 dgv A: 5 dgv	NMSK: 20 000 Rentemidlar: 20 000	2011 – 2012 2009 – 2010 2010 - 2011 2011 2011
Tiltak C2: 1. <u>Auke interessa og kunnskapen kring skogkultur og skogfondordninga giennom kurs, informasjon og oppsokjande verksemd.</u>	Næring/miljø	Landbrukskontora i Valdres	A: 2 dgv	NMSK: 30 000 Rentemidlar: 20 000	2012 - 2012
Tiltak C3: 1. <u>Stimulere til samarbeidstiltak/organisering av grunneigarlag/utmarksdrag- utmarksplanlegging</u>	Næring/miljø	Faglag/grunneigarlag	A: 5 dgv	Viltfond: 10 000	2010 – 2011

2. <u>Marknadsføring og informasjon om eksisterande jakt- og fisktilbod gjennom aktuelle nettsider.</u>	Næring/miljø	Jeger og fisk/reiseliv/grunneigarlag	A: 5 dgv	Jeger og fisk: 5 000 ØSK: 10 000 ØSF: 30 000	2010 – 2011
3. <u>Næringsmessig utnytting av fisk og vilt</u>	Næring/miljø	Faglag/grunneigarlag/ØSF	A: 5dgv Ø: 40 000		2010 - 2011
Tiltak D1:					
1. <u>Kommunen skal definere sine behov for tilbod som ”Grøn omsorg”, samt krav til kvalitetssikring og avtaleverk , slik at ”marknaden” er definert for dei som vil satse på dette.</u>	Helse /sosial ØSK	Næring/miljø	A: 5 dgv		2010 (vinter)
2. Mobiliseringsmøter- eventuelt studietur for å skape fleire tilbod på området ”Småskala reiseliv”- både i bygda og i stølsområda (eks. ’Støl i mellom’)	Næring/miljø	VNK	A: 10 dgv Ø: 30 000	ØSK: 15 000 VNK: 15 000	2010 – 2011
3. Mobiliseringsmøter- eventuelt studietur for å skape fleire tilbod på området ”Lokal matforedling”	Næring/miljø	VNK/Valdres Matforum	A: 5dgv Ø: 20 000	ØSK: 10 000 VNK: 10 000	2010 – 2011
4. Kartlegge praktiske aktørar for behov og samarbeidsløysingar.	Næring/miljø	VNK/Valdres Matforum	A: 5dgv		2010 - 2011
Tiltak D2:					
1. <u>Mobiliserings/informasjonsmøte- eventuelt studietur med temaet småkraftverk.</u>	Næring/miljø	Valdres energiverk	A:3 dgv Ø: 20 000	ØSK: 10 000 Vald-e.v.: 10 000	2010
2. <u>Kommunen skal definere behov, kvalitetskrav og kvalitetssikring samt avtaleverk, for leveransar av bioenergi, slik at ”marknaden” er definert for dei som vil satse på dette.</u>	Kommunen	Valdres energiverk	A:5 dgv		2010 (vinter)
3. Laga ein samla plan for stein-og grusressursar med naudsynt oppdatering av geologiske grunndata	Næring/miljø				2011


Tiltak D3: 1. <u>Utarbeiding av felles retningsliner og mål for kommunen/Statskog/Fjellstyret for næringsutvikling og kulturmiljø i stølsområda.</u> 2. <u>Utarbeide og vedta avgrensing av Landbruk+ tiltak, retningsliner for dispensasjon, samt planforankring av tiltak ut over dette.</u>	Næring/miljø KUN	ØSF/Statsskog Faglag/FMLA/OFK	A: 5 dgv A: 5 dgv	2009 - 2010 2010 (vinter)
Tiltak E1: 1. <u>Etablere ei tverrfagleg gruppe for å meisle ut ein strategi som kan skape eit engasjement blant ungdom for å overta gardsbruk, og drive desse i ein eller annen form for framtida.</u> 2. Bli med på valdresprosjektet der har ein satsa systematisk på å registrere gardsbruk utan drift og heilårs busetnad, og kontakte eigarane for å få i gang ein prosess omkring eit eventuelt sal til interesserte	Næring/miljø Næring/miljø	Skule, kultur, faglag, ungdom VNK	A:5 dgv A:10 dgv 2009 5 dgv 09 - 12	2009 – 2010 2009 - 2012
Tiltak E2: 1. Stimulera til organisering av tilbydarar av konkrete produkt innanfor småskala reiseliv/foredling og utarbeiding av samarbeidsløysingar med reiselivsbedrifter. 2. <u>Aktivt samarbeid med VNK for fellesløysingar for marknadsføring,</u>	Næring/miljø Næring/miljø	Øystre Slidre Næringsforening/ VNK VNK	A: 5 dgv A: 5 dgv	2010 - 2012 2010 - 2012

<u>logistikk og sal av ulike småskala produkt.</u>	KUN	VNK	A: 10 dgv Ø: 30 000	ØSK: 20 000 Reiselivet: 10 000	2010 - 2011
3. <u>Etablere prosjekt for tilrettelegging og popularisering av all kunnskap om landskap, kultur og landbruk som i dag ligg i kommunen til nye spennande opplevingsprodukt</u>	Næring/miljø	VNK	A: 5 dgv		2009-2012
4. <u>Delta i dei tiltaka som blir etablert av VNK omkring kulturlandskapspleiesamarbeid reiseliv/landbruk.</u>	Kommunen	Faglaga i Valdres/Tine/ VNK/OFK	A: 10 dgv Ø: 40 000	BU: 30 000 VNK: 10 000	2010
5. <u>Utrede vidare planane om eit regionalt stølsenter på Beitostølen.</u>					
Tiltak E3:					
1. <u>Formalisert regionalt samarbeid om fagmøter mellom landbrukskontora i Valdres.</u>	Kommunen	VNK	A: 2 dgv pr år		2010 - 2012
Tiltak F1:					
1. <u>Kontakt med gardsbruk med blautgjødsellagrинг og grassilo for vurdering av tilstand og behov for tiltak - 20 bruk/år.</u>	Næring/miljø	FMLA/FM	A: 10 dgv pr.år		2010 – 2012
2. Fagmøte omkring tema "Forsøpling og forureining" (f.eks. "lagerplass for rundballar")	Næring/miljø	Faglaga/VKR	A: 2 dgv		2010
3. Kvalitetssikre den kommunale beredskapsplanen for punktutslipp i landbruket	Næring/miljø	FMLA/FM	A: 2 dgv		2010 (vinter)
Tiltak F2:					
1. <u>Utarbeiding av "vassvegleiar".</u>	Næring/miljø	Mattilsynet	A: 5 dgv Ø: 5 000	ØSK: 5 000	2010 (vinter)

2. Fagmøte med tema ”enkel sikring av vasskvalitet og vasskilder	Næring/miljø	Mattilsynet	A: 2 dgv		2010 (vår)
Tiltak F3: 1. Auke kunnskapen hos gard- og skogbrukarane om biologisk mangfald og korleis ein kan integrere omsynet til biologisk mangfald i gards- og skogsdrifta	Næring/miljø	Faglaga/FM	A: 5 dgv pr. år Ø: 5 000	NMSK: 5 000	2011 - 2012


Vedlegg- Statistikk, kartdokumentasjon, oversikt aktuelt regelverk m.m

- Oversikt høgdelag og geologi (s 38)
- Markslagskart basert på digitalt markslagskart pr. April 2009. (s 39)
- Driftsstatus for langstølane 2007 – stølar med mjølkeproduksjon (s 40)
- Samla oversikt over beitebruken i stølsfjellet for storfe, geit og sau (s 41)
- Kulturmiljøindeks for stølslaga i langstølsområda (s 42)
- Temaplan for stølsområsa – definering og avgrensning av stølsområde (s 43)
- Utvikling i talet på bruk og dyretal som søkte produsksjonstillegg for valdreskommunane 2001 – 2007 (s 44)
- Viktige aktørar i landbruket i Øystre Slidre (s 45)




Markslagskart

Basert på digitalt markslagskart (DMK) pr
april 2008




Driftsstatus for langstølene i 2007

Mjølkeproduksjon ku og geit




Teiknforklaring



Støl med mjølkeku



Støl med mjøkegeit



3/7/147


Støl med mjølkeku og mjøkegeit




Ingen mjølkeproduksjon i 2007

Påskrift syner talet på stølar med
mjøleproduksjon og talet på
mjølkeku og mjøkegeit i 2007


Figur 9. Samla oversikt over beitebruken i stølsfjellet for storfe, geit og sau.





Temaplan for stølsområda

Definering og avgrensning av stølsområde.
Arbeidskart som syner resultat av kriterier vedatt
i planutvalet 01.12.05



**Tabell over utvikling i antall bruk som søkte om tilskudd til mjølkekyr, sau, mjølkegeit,grovfor i 2001 og 2007.
Basert på søknad om produksjonstillegg august 2001 og august 2007**

	2001						
	Ant bruk m mjølkekyr	Ant. Mjølkekyr	Ant br m sau	Antall sau	Ant br mjølkegeit	Antall mj.geit	Antall søker om grovfor tillegg
Vang	76	843	71	3264	6	511	168
Ø. Slidre	110	1230	58	2907	13	806	214
V. Slidre	113	1356	42	1621	5	300	225
Nord-Aurdal	107	1229	116	5757	1	71	282
Etnedal	53	627	24	1061	1	93	100
Sør-Aurdal	57	631	57	2788	0	0	156
Fylket	2371	33679	1938	99190	67	4433	5520
2007							
	Ant bruk m mjølkekyr	Ant. Mjølkekyr	Ant br m sau	Antall sau	Ant br mjølkegeit	Antall mj.geit	Antall søker om prod tillegg
Vang	60	709	53	2640	6	651	123
Ø. Slidre	81	1111	41	2529	10	754	167
V. Slidre	82	1163	23	983	4	268	179
Nord-Aurdal	74	1069	78	4347	1	62	211
Etnedal	34	504	19	845	1	116	83
Sør-Aurdal	38	539	36	1961	0	0	131
Fylket	1664	30132	1448	88060	53	4367	4462
2007- % av 2001							
	Ant bruk m mjølkekyr	Ant. Mjølkekyr	Ant br m sau	Antall sau	Ant br mjølkegeit	Antall mj.geit	Antall søker om grovfortillegg
Vang	79	84	75	81	100	127	73
Ø. Slidre	74	90	71	87	77	94	78
V. Slidre	73	86	55	61	80	89	80
Nord-Aurdal	69	87	67	76	100	87	75
Etnedal	64	80	79	80	100	125	83
Sør-Aurdal	67	85	63	70			84
Fylket	70	89	75	89	79	99	81

Viktige aktørar innan landbruket i Øystre Slidre

- *Helle slakteri AS*: Helle har dei siste åra bygd ut kapasiteten sin på Melbybråten med tanke på meir foredling av lokale råvarer, også i samarbeid med lokale produsentar.
- *Fjellbygda Beito AS*: Ei lokal ystebedrift øvst i kommunen. I 2007 ysta dei 10 tonn ost av 100.000 liter mjølk, i år ynskjer dei å produsere 15 tonn frå 150.000 liter. Samstundes planlegg dei eit nytt ysteri for 1,5 millionar liter kumjølk og 500.000 liter geitemjølk for om nokre år å kunne produsere 200 tonn ost. Dei etterspør no heilt spesielle mjølkekvalitetar knytt til kyrrase og driftsform, med anna meir mjølk frå økologisk drift.
- *Jørstad hjort*, eit privat hjorteoppdrett i Volbu med eige slakteri og foredlingsavdeling.
- *Nordtorp Sag og høvleri*. Sagbruk som foredlar virke frå eigen skog, både skur- og høvellast. Leieskjæring og leiehøvling.
- *Moahaugen gard* er ei ganske ny foredlingsbedrift på Heggenes. Foredlinga er tufta på gardenes ressursar av sau og lam. I tillegg sel dei andre typar av eigne og andres lokale landbruksprodukt i sitt utsal på Heggenes.
- *Sambuhaugen* på Skammestein er ei ny foredlingsbedrift med m.a. produksjon av spekepølse basert på eigen geitebesetning.
- *Valdres fjellpotet DA* er ei samanslutting av fem økologiske potetprodusentar i Volbu og området langs Volbufjorden. Dei vart stifta i 2006, har felles lager og sorteringsbygg og dyrkar no både potet og gulrot.
- *Bioforsk Løken*: Løken forsøksstasjon i Volbu har i 100 år vore ein viktig aktør i det lokale landbruket. Men i tråd med omorganisering innafor forskingsinstitusjonane, så er det lokale engasjementet ikkje lengre stort. Dei har likevel i nokon grad halde på eit lokalt perspektiv, og arbeidar no med anna med å sjå på kvaliteten av stølsprodusert mjølk og kjøt, bl.a. i samarbeid med *Fjellbygda Beito*.
- *Valdres forsøksring* har eksistert i over 30 år, og held til i Volbu hos Bioforsk på Løken forskingsstasjon. Dei arbeidar først og fremst med grovfôr og anna planteproduksjon, samt økologisk landbruk. Gjødselplanar, miljøplanar og 'gratis førsteråd' innan økologisk drift er nokon av dei tenester dei yter landbruket i Øystre Slidre.
- *Valdres regnskapskontor* på Tingvang ytar m.a. tenester som driftsplanar og økonomiske analysar.

